



Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Utval for plan teknikk og næring	14.06.2022	60/22
Kommunestyret	20.06.2022	70/22

Saksansvarleg: Elin Blütecher

Arkiv: PLANID-202003,
PLANNAVN-Detaljregulering-
utvidelse av Hellestad Sandtak,
PLANTYPE-35, FA-L12, GBN-9/2

Arkivsaknr.: 20/1248

2. gongs behandling- Detaljregulering for utvidelse av Hellestad Sandtak

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Detaljregulering for utvidelse av Hellestad sandtak vert endeleg godkjent jf. Plan- og bygningslova med følgjande endringar:

- Føresegnas punkt 3.1.1 siste ledd får eit tillegg om at uttaket skal drivast i samsvar med forureiningsforskrifta kap. 30.
- Føresegnas punkt 3.1.1 sjette ledd får eit tillegg om at ikkje forureina massar inneber massar der konsentrasjonen av helse- eller miljøfarlege stoff ikkje overskrider normalverdiar, og ikkje inneheld syredannende bergartar.
- Føresegnas pkt. 3.1.1 sjuande ledd får eit tillegg om at det må fastsetjast ein rutine for mottakskontroll som sikrar at massar ikkje er forureina.
- Planforslaget må innehalde ein støyfagleg vurdering av utvida område for massetak.
- ROS analysa får eit tillegg om vurdering av overvatn og erosjonsfare.
- Plankart endrast slik at omsynssone H560 for naturmiljø tar med seg vestvendte skråningar i ihht. Kartutsnitt 1.
- Føresegnas pkt. 4.1 andre ledd får eit tillegg om at det ved funn av raudlista arter må gjerast ein vurdering av disse og området før vidare drift.
- Planomtalas pkt. 5.3 får eit tillegg om utfyllande omtale av geologi og ressursane som skal takast ut.
- Planomtalas pkt. 5.3 får eit tillegg om grunngjeving av kvotehøgde for uttak på + 130 moh.
- Planomtalas pkt. 4.10 får eit tillegg med oppsummering av skredfarevurderingane frå ROS analysa.
- Plankart, føresegner og planomtala blir oppdatert i tråd med vedtatte endringar.

Vedtaket som innstilling fra Utval for plan teknikk og næring - 14.06.2022 - 60/22

20.06.2022 Kommunestyret

Behandling:

Innstillinga fra Utvalg for plan teknikk og næring ble enstemmig vedtatt.

KS- 70/22Vedtak:

Detaljregulering for utvidelse av Hellestad sandtak vert endeleg godkjent jf. Plan- og bygningslova med følgjande endringar:

- Føresegnas punkt 3.1.1 siste ledd får eit tillegg om at uttaket skal drivast i samsvar med forureiningsforskrifta kap. 30.
- Føresegnas punkt 3.1.1 sjette ledd får eit tillegg om at ikkje forureina massar inneber massar der konsentrasjonen av helse- eller miljøfarlege stoff ikkje overskrid normalverdiar, og ikkje inneheld syredannende bergartar.
- Føresegnas pkt. 3.1.1 sjuande ledd får eit tillegg om at det må fastsetjast ein rutine for mottakskontroll som sikrar at massar ikkje er forureina.
- Planforslaget må innehalde ein støyfagleg vurdering av utvida område for massetak.
- ROS analysa får eit tillegg om vurdering av overvatn og erosjonsfare.
- Plankart endrast slik at omsynssone H560 for naturmiljø tar med seg vestvendte skråningar i ihht. Kartutsnitt 1.
- Føresegnas pkt. 4.1 andre ledd får eit tillegg om at det ved funn av raudlista arter må gjerast ein vurdering av disse og området før vidare drift.
- Planomtalas pkt. 5.3 får eit tillegg om utfyllande omtale av geologi og ressursane som skal takast ut.
- Planomtalas pkt. 5.3 får eit tillegg om grunngjeving av kvotehøgde for uttak på + 130 moh.
- Planomtalas pkt. 4.10 får eit tillegg med oppsummering av skredfarevurderingane frå ROS analysa.
- Plankart, føresegner og planomtala blir oppdatera i tråd med vedtatte endringar.

14.06.2022 Utval for plan teknikk og næring

Behandling:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

PTN- 60/22Vedtak:

Detaljregulering for utvidelse av Hellestad sandtak vert endeleg godkjent jf. Plan- og bygningslova med følgjande endringar:

- Føresegnas punkt 3.1.1 siste ledd får eit tillegg om at uttaket skal drivast i samsvar med forureiningsforskrifta kap. 30.
- Føresegnas punkt 3.1.1 sjette ledd får eit tillegg om at ikkje forureina massar inneber massar der konsentrasjonen av helse- eller miljøfarlege stoff ikkje overskrid normalverdiar, og ikkje inneheld syredannende bergartar.
- Føresegnas pkt. 3.1.1 sjuande ledd får eit tillegg om at det må fastsetjast ein rutine for mottakskontroll som sikrar at massar ikkje er forureina.
- Planforslaget må innehalde ein støyfagleg vurdering av utvida område for massetak.
- ROS analysa får eit tillegg om vurdering av overvatn og erosjonsfare.

- Plankart endrast slik at omsynssone H560 for naturmiljø tar med seg vestvendte skrånningar i ihht. Kartutsnitt 1.
- Føresegnas pkt. 4.1 andre ledd får eit tillegg om at det ved funn av raudlista arter må gjerast ein vurdering av disse og området før vidare drift.
- Planomtalas pkt. 5.3 får eit tillegg om utfyllande omtale av geologi og ressursane som skal takast ut.
- Planomtalas pkt. 5.3 får eit tillegg om grunngjeving av kvotehøgde for uttak på + 130 moh.
- Planomtalas pkt. 4.10 får eit tillegg med oppsummering av skredfarevurderingane frå ROS analysa.
- Plankart, føresegner og planomtala blir oppdatert i tråd med vedtatte endringar.

Bakgrunn for saka:

Rambøll fremjar på vegne av Hellestad sandtak forslag til detaljregulering for utvidelse av Hellestad sandtak. Formål med planen er å legge til rette for å utvidelse av eksisterande massetak. Dagens ressursar innanfor gjeldande reguleringsplan begynner å gå tom, og sandtaket har difor behov for utviding. Planen har vore ute til offentleg ettersyn i perioden 8.12.2021- 20.01.2022, og det har kome inn 6 merknader (sjå vedlegg). Vedlagt følgjer revidert plankart, føresegner og planomtale, høyringsutgåve av plandokumenta samt andre relevante dokumentar i saka. Utarbeida støyrapport ligg som vedlegg 15.

Saksomtale/Vurdering

Innkomne merknader:

1. Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Statsforvalteren har merknader til temaa forureining, støy, samfunnstryggleik og naturmangfald.

Forureining

Meiner at det bør kome tydelegare fram av føresegna at uttaket skal drivast i tråd med forureiningsforskrifta kap. 30.

Minner om meldeplikta etter forskriftas § 30-11.

Meiner at det bør definerast/tydlegare om kva som er meint med reine og ikkje forureina masser jf. Miljødirektoratets faktaark M-1243/2018 «Mellomlagring og sluttdisponering av jord og masser som ikkje er forurenset».

Statsforvalteren saknar også ein beskriving på korleis ein har tenkt å sikre at det berre blir deponert reine massar i deponiet, og føreslår at det takast inn som eit punkt i føresegna at det må gjennomførast kontroll av massane som ønskast deponert og mottakskontroll.

Det synast vidare til to område for grunnforureining innanfor eksisterande planområde, og at dei gjer merksam på at dersom det skal gjerast noko tiltak i dessa område må forureiningsforskrifta kap. 2. «oppdydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid» leggest til grunn. Ei av dei to lokalitetane er nedlagde Revdalen avfallsdeponi, og det skal ikkje gjerast tiltak i desse område. Det bør heller ikkje settast opp bygg innanfor randsona til slike nedlagde avfallsdeponi.

Støy

Statsforvalteren syner til at planforslaget manglar ein støyfagleg vurdering og støykart vis

a vis omsynsområder for friluftsliv, og rår til at ei slik vurdering blir lagt fram før planvedtak.

Samfunnstryggleik

Statsforvalteren saknar ein vurdering av overvatn og erosjonsfare i ROS analysa, og anbefalar at dette leggast inn. Statsforvalteren ser elles at viktige sikringstiltak er fylgt opp i føresegner og plankart.

Naturmangfald

Syner til tidlegare innspel kor det er vist til potensial for førekomst av raudlista insektartar i dei delane av planområde som består av soleksponerte sandskråningar. Dei ser at plankartet er oppdatert etter deira siste innspel noko som er positivt, men at omsynssona i liten grad fangar opp dei vestvendte skråningane i planområdet. Dei påpeikar også at føresegna til omsynssona ikkje medfører at arealbruken på dessa areala skal tilpassast evt. førekomstar av raudlista arter, og ber om at kommunen vurderer ein endring av føresegna slik at dette blir ivaretatt.



Utsnitt 1: Utsnitt frå statsforvaltaren som syner polygon for naturmangfald i aust.

Kommunedirektørens kommentar

Kommunedirektøren er einig med Statsforvalteren om at føresegna bør få eit punkt om at uttaket skal drivast i tråd med forureiningsforskrifta kap. 30. Ein ser også at reine og ureine massar bør definerast tydlegare i føresegna, samt at føresegner om mottakskontroll bør leggast inn. I høve til dei to områda for grunnforureining i eksisterande planområde er kommunen kjend med disse og det skal ikkje gjerast tiltak innanfor områda.

I høve til støy ser kommunedirektøren også at det bør utarbeidast ei støyfagleg utredning for forslag til utvida område. Etter høyring har forslagsstillar engasjert Rambøll til å også gjere ei støyfagleg utredning, denne ligg som vedlegg 15. Utredninga viser at friluftsområda har høgare støynivå enn anbefalt grenseverdi for T-1442 både i eksisterande sandtak og i forslag til utvida område. Det anslås å bli ein auking av støy på meir enn 3 dB nordvest for planområde som følgje av utvidinga til massetaket, men det merkast at det er usikkerheit i berekningane.

Utredninga syner til fleire avbøtande tiltak i kap 7.3 men viser også til at jo meir masse som gravast ut, jo meir vil terrenget skjerme for støyen.

Kommunedirektøren ser at terrenget er slik at det vil vere eit naturleg søkk/kant mellom utvida område og tursti og at denne vil kunne fungere som ein støydempar for området.

Når det gjeld ROS analysa er kommunedirektøren einig med statsforvaltaren om at det bør leggst inn ein vurdering av overvatn og erosjonsfare.

Kommunedirektøren har vore i kontakt med statsforvaltaren og fått ei skisse som konkret viser dei vestvendte skråningane Statsforvalteren syner til. Kommunedirektøren meiner at plankartet bør endrast i tråd med skissa og at det leggst inn i føresegna eit punkt om at vurderingar må gjerast ved funn av raudlista arter innanfor omsynssoona for naturmiljø.

2. Vestfold og Telemark fylkeskommune

Fylkeskommunen syner til born og unge og er ikkje kjend med at arealet er i bruk av denne gruppa. Dei syner til at rikspolitiske retningslinjer pkt. 5.d vil bli gjort gjeldande dersom det viser seg at arealet likevel er egna eller i bruk av born og unge.

Fylkeskommunen syner vidare til varsel om oppstart kor dei ba om at det måtte leggst inn ein trafikkvurdering som belyste dei trafikale konsekvensane av planen og evt. utbetringstiltak i høve til krysset ut på Fv 3330

Fylkeskommunen saknar trafikkvurderingar planforslaget gir i høve til krysset ut på fylkesvegen i planomtala. Dei meiner vidare at det må gjerast ei vurdering av friskt i kryssområdet, og at naudsynte tiltak må sikrast gjennom rekkefølgjekrav i føresegna.

Kryssområdet, og at naudsynte tiltak må sikrast gjennom rekkefølgjekrav i føresegna.

Kommunaldirektørens kommentar

Hellestad sandtak er i dag eit sandtak i aktiv drift, kommunedirektøren kan ikkje sjå at omsøkt område for utviding er i bruk av born og unge då dette ligg i nær tilknytning til eksisterande sandtak.

I forhold til kryss ut på Fv 3330 grunna auka drift i sandtaket syner kommunedirektøren til at planforslaget ikkje legg opp til utvida drift, men kun ein forflytning av drift internt i sandtaket over ein lengre periode. Planomtala seier at det ikkje vil vere nokon endringar i antal køyretøy/transport turar.

Krysset frå Hegnunvegen og ut på Fv3330 ligg innanfor reguleringsplan for G/S veg til Folkestad planID 05_37_2006. I denne planen er krysset regulert inn med frisktsonar ut på Fv3330.

Kommunedirektøren meiner difor at friskt er godt vurdert i gjeldande plan, og at ein ny vurdering ikkje er nødvendig.

3. NVE

NVE syner til at deler av planområde ligg under marin grense, som ifølge NGUs kart viser middels moglegheit for marin leire i området. NVE rår til at det før godkjenning av planforslaget blir utarbeida ein geoteknisk vurdering av tiltaket.

Dei visar vidare til overvasshandtering og avrenning frå planområdet ikkje er vurdert i ROS analysa, og minner om at dersom overvatn skal avleiest til vassdrag må flaumfare vurderast.

NVE ser at delar av planområdet ligg innanfor Lifjell vassdragsområde og minner om at tiltak som kan føre til skader eller ulemper for allmenne interesser kan utløyse konsesjonsplikt etter vassressurslova.


Kommunedirektørens kommentar

Store deler av eksisterende område for sandtak ligg under marin grense, mens kun eit mindre område av føreslått utviding ligg under marin grense i sørvest.

Kommunedirektøren har vore i kontakt med forslagsstillar som godt kjend med berggrunnen i området frå eksisterande drift. Forslagsstillar viser til at utvida område ligg innanfor same berggrunn som eksisterande drift. Tidlegare område har drevet ut god morenemasse. Forslagsstillar viser til kartutsnitt under som viser at løsmassane består av breelv avsetning, tynt humusdekke og bart fjell. På grunnlag av eksisterande drift og løsmassekart kan ikkje kommunedirektøren sjå at utvida område for sandtak skal utløyse krav om geoteknisk vurdering.

Når det gjeld ROS analysa har kommunedirektøren føreslått å legge inn eit nytt punkt slik at overvasshandtering blir utgreidd i analysa.

Forslagsstillar er elles kjent med at tiltak innanfor planområde kan utløyse konsesjonsplikt etter vassressurslova.



Utsnitt 2: NGU løsmassekart for område som syner breelv avsetning innanfor omsøkt område for utviding.

4. Direktoratet for mineralforvaltning

Direktoratet minner om at det er mineralforekomsten som er sjølve forutsetninga for planen, og at det er viktig at det framgår av planen om ressursane har tilstrekkeleg kvalitet. Dei meiner planomtala er mangelfull og ikkje gjer nokon grunning på kvifor utvidelsesområde er det beste for uttaket, og korleis rammar for uttak av ressursane heng saman med geologien i område.

Direktoratet meiner difor at planomtala bør få ein meir tydeleg og utfyllande omtale av geologi og ressursane som skal takast ut før planen vedtas.

Direktoratet syner vidare til føreseigna kor det er gitt føresegner om nedre tillate utaksdybde på kotehøgde + 130. DMF legg til grunn at høgda er valt fordi massane frå kote 130 der morenelaget begynner, ikkje er regna for eigna som byggeråstoffer. Dei meiner at bakgrunnen for val av nedre kote må gå fram av planomtala og minner elles om at føreseigna ikkje blir gitt på ein måte som bind opp drifta og avslutninga av massetaket.

DMF viser vidare til at store delar av planområdet ligg innanfor sone for kvikkleire og minner om at problemstillingar knytt til kvikkleire ikkje kan avklarast i driftsplanen. Dei anbefalar at det takast inn ein oppsummering av skredfarevurderingane i ROS analysas kap 4.10 inn i planomtala.

Kommunedirektørens kommentar

Kommunedirektøren ser også at planomtala bør innehalde ein grunning på bakgrunn for val av føreslått område, og korleis framtidig uttak av ressursar heng saman med geologien i område.

Ein ser også at val av nedre kote for uttak bør framgå av planomtala.

I høve til kvikkleire syner kommunedirektøren til si kommentar til NVE. Kommunedirektøren ser vidare at skredfarevurderingane i ROS analysa med fordel kan takast inn i planomtala.

Når det er sagt vil kommunedirektøren minne om at det kun er området i nord som er føreslått som ny utviding av sandtaket. Eksisterande reguleringsplan for Hellestad sandtak er ikkje endra, kun ajourført med nye formål etter nye SOSI koder.

5. Naturvernforbundet

Naturvernforbundet viser til tidlegare innspel til varsel om oppstart kor dei påpeikte at det må gjerast en konsekvensutgreiing knytt til naturverdiar/biomangfald. Dei ser at det ikkje er gjort nokon ny KU vurdering og etterlys dette.

Dei meiner vidare at det er positivt at det er lagt inn omsynssone for naturmiljø, men påpeikar at det også må gjerast ei naturtypekartlegging av heile området som er føreslått for utviding. Dei viser til lignande krav Statsforvalteren hadde i område for MX bane og kompostdeponi i kommuneplanen.

Naturvernforbundet meiner at konsekvensutgreiinga som er gjort er for overflatisk.

Kommunedirektørens kommentar

I samband med arbeidet med kommuneplan for Midt-Telemark ble det gjennomført konsekvensutgreiing av utvida område. Det ble her ikkje registrert viktige område for biologisk mangfald og potensialet for at området kunne vere levestad for trua arter blei vurdert som lite.

Administrasjonen har vore på synfaring i området med forslagsstillar og i ettertid.

Ein ser at området i nord består av bærlyngskog T-4-C-5 (NiN grunntype) som oftast er skuggefulle halvopne skogar med lyngdominans. Botnsjiktet består av mosar og lav som etasjehusmose, furumosar, sigdmosar kvitkrull og pigglav . Feltsjiktet består av arter som blåbær, tyttebær og røsslyng mens tresjiktet består for det meste av furu og noko gran samt bjørk. Kart over skogbonitet viser at denne i stor grad er av lav bonitet (i nord) med innslag av middels til høy bonitet (mest i vest).



Utsnitt 3 og 4: Bilete frå område i nord.

Området i vest er preget av eit hogstfelt i gjengroingsfase med arter som blåbær, røsslyng, bringebær og lave furu og bjørketær, sjå bilde under.
Begge områdene i nord og vest består av trivielle arter.



Utsnitt 5 og 6. Bilete frå området i vest

I innspel frå Statsforvalteren er det peikt på moglege habitatet for insekter knytte til de soleksponerte sandskråningane innanfor sandtaket. Det er foreslått ein utviding av omsynssone for naturmiljø aust i planforslaget.

Kommunedirektøren meiner at man utifrå gjeldande KU samt synfaringar og beskrivelse i planomtala har grunnlag for å sei at potensialet for at området kan vere levestad for trua arter er vurdert som lite.

6. Vegard A. Hørte

Hørte referer til innspel Arnt Langkås hadde til varsel om oppstart og ønsker at dei same synspunkta også skal gjelde hans eigedom.

I Langkås sitt innspel seies det at «Dersom planen berører eller fører til ulempe, verditap, skade på skog/eigendom, grunnfjell, vannårer, osv. vil forslagsstillar (Hellestad sandtak) vere erstatningspliktige. I innspelet skriv også Langås at planforslaget ikkje må øydelegge vegretten til si eigedom.

Kommunedirektørens kommentar

Hørte er eigar av eigedom gbnr 9/8.

Planforslaget med omsøkt utviding skal ikkje føre til ulempe eller verditap av eigedomane i nærleiken.

Hellestad sandtak vil vere ansvarlege for dette. I tillegg til detaljreguleringa må også forslagsstillar utarbeide ein driftsplan som skal godkjennast av Direktoratet for mineralforvaltning.

Sikring i høve til sandtaket vil vere ein del av driftsplanen.

Konklusjon

På bakgrunn av saksomtala over, meiner kommunedirektøren at detaljregulering for utvidelse av Hellestad sandtak bør vedtas i tråd med plan- og bygningslova § 12-12 med dei endringane som går

fram av innstillinga. Saka skal deretter leggst fram for kommunestyret for endeleg godkjenning.

Vedlegg:

07.06.2022	Vedlegg 1_Plankart	1487436
07.06.2022	Vedlegg 2_ 2022-3-17- Bestemmelser	1486167
07.06.2022	Vedlegg 3_ Planbeskrivelse	1487438
07.06.2022	Vedlegg 4_Plankart høringsversjon	1486168
07.06.2022	Vedlegg 5_Bestemmelser høringsversjon	1486169
07.06.2022	Vedlegg 6_Planbeskrivelse høringsversjon	1486170
07.06.2022	Vedlegg 7_ROS	1486171
07.06.2022	Vedlegg 8_Utsnitt av konsekvensutgreiing KPA Midt- Telemark	1486172
07.06.2022	Vedlegg 9_ Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	1486173
07.06.2022	Vedlegg 10 _Vestfold og Telemark fylkeskommune	1486174
07.06.2022	Vedlegg 11_NVEs innspel til offentlig ettersyn - Detaljregulering for utvidelse av Hellestad sandtak - Midt- Telemark kommune (L)(262765)	1486175
07.06.2022	Vedlegg 12_Direktoratet for Mineralforvaltning	1486176
07.06.2022	Vedlegg 13_Naturvernforbundets kommentar til detaljreguleringsplan for utviding av Hellestad sandtak (L)(263234)	1486177
07.06.2022	Vedlegg 14_Vegard A. Hørte	1486178
07.06.2022	Vedlegg 15_ C-rap-001 - Hellestad Massetak - Støyutredning	1486179
07.06.2022	Vedlegg 16_ Vedtak- 1_gangs _behandling	1486180
07.06.2022	Vedlegg 17_Innspill til varsel om oppstart- Arnt Langkaas	1486181
07.06.2022	Vedlegg 18_revidert_ROS-analyse	1487437

Parter:

Rambøll v/Andrea Høibakk
Hellestad Sandtak AS